

# Leikanger KYRKJELYDS BLAD

Nr. 1 - 2019 Årgang 73

## God påske!



Kjøkenet snart ferdig,  
side 6-7



Konfirmasjon, side 8



Fått att lyden, side 3

# Oversikt over tilsette, kontaktadresser og telefonar:

## ADMINISTRASJON LEIKANGER OG SOGNDAL

### KYRKJEKONTOR

Besoks-/postadresse:

Kyrkjevegen 6, Stedjetunet, 6856 Sogndal

Tlf sentralbord: 57 67 99 85,

E-post: post@sogndal.kyrkja.no

### KYRKJEVERJE:

Jorunn Merete Haukås-Eide

Telefon mobil: 404 76 682

E-post: kyrkjeverje@sogndal.kyrkja.no

 jorunn.merete@sogndal.kyrkja.no

## SOKNEPRESTEN I LEIKANGER OG NORUM:

Vegard Bondevik Lie

E-post: vegard@sogndal.kyrkja.no

Tlf: 906 19 080

## KYRKJETENAR/REINHALDAR:

Cristina Sandor

E-post: cristinasandor82@yahoo.com

Tlf. 482 17 237

## KANTOR:

Hallgeir Øgaard Westli

E-post: hallgeir@sogndal.kyrkja.no

Tlf: 940 03 834 Heimeside: www.hallgeir.com

## SOKNERÅDSLEIAR:

Bjørg Anda

E-post: bjorganda@gmail.com

Tlf: 476 76 893

## KYRKJELYDSPEDAGOG

Monica Ugulsvik

monica@sogndal.kyrkja.no

Tlf 906 17 319

## LEIGE AV KYRKJELYDSHUSET:

Bjørg Anda

E-post: bjorganda@gmail.com

Tlf: 476 76 893

[www.leikanger.kommune.no/kyrkja](http://www.leikanger.kommune.no/kyrkja) Informasjon om Leikanger kyrkje, tilsette og gudstenesteliste

[www.sogndal.kyrkja.no](http://www.sogndal.kyrkja.no) Informasjon om kyrkja i

Leikanger og Sogndal

[www.facebook.com/leikangerkyrkja](http://www.facebook.com/leikangerkyrkja)

[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no) Kyrkja sentralt sin nettstad

[www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin) Bjørgvin bispedømme

sine heimesider

[www.kyrkjefolk.no](http://www.kyrkjefolk.no)

om boka Kyrkjefolk

## LEIKANGER KYRKJELYDSBLAD

Organ for Leikanger sokneråd

Redaktør: Sigrid Svartefoss

Redaksjon: Åse Kongsvik, Hege Feet Askvik og  
Sigrid Svartefoss

Redaksjonelle medarbeidrarar: Kirsti Svangstu,  
Sindre Børshheim Ramung og Signe Eikenes.

Kasserar for bladet: Reidar Tjønn

Layout: Elianne Eggum

Trykk: Husabø prenteverk

Umerka bilder i bladet: Sigrid Svartefoss

## PRESTESPALTA

# Kva er nåde?

Ofte brukar vi i kyrkja og andre stader ein del uttrykk som er innarbeidde, og ikkje alltid tenker vi gjennom kva dei betyr. I alle fall er det slik for meg. Eit slikt ord er t.d. nåde. Kva betyr eigentleg nåde? Eg har funne fram eit refleksjonsnotat frå starten på mi studietid:

Nåde blir ofte knytt til det juridiske omgrepet 'å benåde' som betyr ettergjeving eller tilgjeving. Det betyr at den som får nåde slepp å ta ei straff som han/ho har gjort seg skuldig i. Ikkje berre ei frifinning altså, men ei ufortent frifinning. Ein seier gjerne at ein «-lar nåde gå for rett», som understrekar at den eigentlege straffen er logisk korrekt.



Ein person som ber om nåde er ein person som har resignert. Vedkommande ser at han/ho ikkje sjølv strekk til for å kunne gjere noko med straffen. Difor ligg det i tillegg til resignasjon også ei overgjeving i omgrepet. Utan eigen innsats ber ein om å få ta imot ei gave. På gresk heiter nåde 'gratia', som også kan oversetjast med «utan vederlag» eller «gratis». Dette viser på sin måte at det er ei gave.

Slik er det også med Guds nåde. Eigentleg fortener vi menneska straff fordi vi har gjort mot Guds vilje. Men viss vi ber om det, vil Gud gje oss i gave at vi slepp den straffen. Som det står i Efesarbrevet, så er det ikkje av eige verk vi slepp straffen, men ved den gava Gud vil gje oss ved sin nåde. På ein måte kan ein her tale om Guds venskap med oss menneska. Fordi han er vår ven, tilgjev han oss for alt det gale vi har gjort. I uttrykket «- Nåde vere med deg, og fred frå Gud vår far» ligg det eit ynskje om at Gud er med oss som vår ven heile tida.

Men kva ligg det så i trusselen: «- Nåde deg, viss du rører sykkelen min !!»? Jo, dette forstår vi som at den som står «i fare for» å røre sykkelen har nåde hos eigaren heilt til han faktisk rører sykkelen. Dette illustrerer at menneska har lett for å setje grenser for nåden overfor kvarandre. Det teologiske poenget her ligg difor i at Gud ikkje set slike grenser for nåden !! Er ikke det flott, vel?!

**Vegard Bondevik Lie**

## I denne utgåva kan du lese om:

Lyden er fiksa att

side 2

Gerd Haugen - ein av mange frivillige i kyrkja

side 6

Nytt og større kjøken i kyrkjelydshuset

side 8

Leikanger konfirmantane 2017-2018

side 8

Årsmelding for Leikanger kyrkjelyd 2018

side 14

...og mykje meir

God lesing, og god påske!



**SYNDAREN:** – Støypslet stod ikkje i stikkontakten. Difor virka ikkje teleslynga i kyrkja vår, menno har metil glede for alle fått fiksa det, seier Bjørn Sølsnes.

## Lett sak å fiksa lyden

**No er det slutt på problem med å høyra presten messa i kyrkja. I alle fall for dei som har høyreapparat.**

– Her er syndaren, seier Bjørn Sølsnes, og viser fram støypslet. Stikkontakten ligg krøkkete til. Bjørn må nesten krypa inn under krakken til organisten, og leitar seg fram til stikkontakten nede ved golvet, før han får tak i støypslet.

### Manga klaga

Leikanger kyrkje fekk montert teleslynge for mange år sidan. Lenge fungerte det til glede for alle som er avhengig av høyreapparat, men i det siste har det vore problem med lyden. Teleslynga har i lengre tid ikkje har fungert.

– Eg fekk ein del tilbakemeldingar på at det var dårleg lyd i kyrkja, særleg frå personar som er avhengig av høyreapparat, seier Bjørn Sølsnes. Han er medlem i soknerådet og tok saka opp på eit møte.

### Sjekka ut

Medlemene i soknerådet var budd på at det kunne kosta dei mange kroner å få orden på lyden att.

Tom Sølve Myklebust tok på seg å sjekka ut kva som

gjorde at teleslynga ikkje fungerte. Årsaka visste seg å vera enkel.

– Støypslet stod ikkje i stikkontakten, så dette vart ei enkel sak å fiksa. Og ikkje vart det dyrt heller, seier Sølsnes.

### – Sei ifrå

– No garanterer du at teleslynga fungerer?  
– Eg spurde ein som har høyreapparat, om han ville vera med meg i kyrkja og testa det. Det virka. Han har òg vore i kyrkja seinare, og fortel teleslynga framleis fungerte. Så no er det slutt på dårleg lyd, i alle fall for dei som må bruka høyreapparat.

– Eg er glad for alle som seier i frå, elles kan me ikkje utbetra ting. Ikkje kosta det noko å få gjort ei betring heller. Det var berre å få sett i støypslet og så testa at det fungerte,  
seier Bjørn Sølsnes.

Tekst og foto:  
Sigrid Svartefoss

# – Difor likar eg å gjera ein innsats på babysong



) Å vera frivillig på babysong har Gerd Haugen stor glede av. Kontakten ho får med dei små er god, som her med vesle Sigrid på fanget.

## Gerd Haugen er ein av dei mange frivillige medarbeidarane i Leikanger kyrkje.

Her fortel ho litt om kvifor ho har sagt ja til vera frivillig medarbeidar i kyrkjelyden, og kva det har å seia for henne.

**Mitt frivillige arbeid** for Leikanger kyrkje tok til i 2011. Då sa eg ja til å vere med i gudstenesteutvalet for Leikanger – som ein av 12 – (symbolsk) i arbeidet med å utarbeide forslag til ny gudstenesteliturgi. Då denne vart teke i bruk, fekk eg fleire førespurnad om å vere med i gudstenestegrupper og delta med ulike gjeremål under gudstenestene.

**Eg tvilte på** om eg hadde noko å bidra med, men så kom denne strofa til meg: «Gjør det lille du kan, legg ditt hjerte der i». Det har etter den tid vorte meir og meir kjekt å gjere ein innsats for kyrkja, både i det som skjer

i samband med gudstenestene, og det som skjer elles i kyrkjeleg samanheng.

**Det å vere til stades** under gudstenestene når det er dåp, gir meg ei utruleg god oppleveling. Vi har dåpsbefalinga og kva den seier om dåpen, men eg tenker ofte kva som står i Matt. kap. 18 – strofe 1 til 5: «I same stunda kom læresveinane til Jesus og spurde: «Kven er den største i himmelriket?» Då kalla han til seg eit lite barn, sette det midt imellom dei og sa: «Sanneleg, eg seier dykk: Utan at de vender om og blir som born, kjem de ikkje inn i himmelriket. Den som gjer seg sjølv liten som dette barnet, han er den største i himmelriket. Og den som tek imot eit slikt lite barn i mitt namn, tek imot meg.»

**Babysongen** er difor ein aktivitet der eg likar å gjere ein innsats. To gonger i løpet av hausten og to gonger i løpet av våren har Ingerda Fossen og eg ansvaret for matserveringa og eventuelt litt babypass medan mødrer/fedrar kosar seg med enkel servering, etter at sjølve

aktiviteten for barna er ferdig. Det er mange fleire grupper oppsett til Babysongen, som går føre seg på torsdagar vår og haust.

**Hausten 2017** fekk eg spørsmål om å ta imot ei gruppe med åtte ungdomar som skulle konfirmerast våren 2018. I ei utgåve av Kyrkjelydsbladet 2018 står det litt om desse fire samlingane, som Gro Skogli og eg hadde ansvaret for då.



I fjor haust og i vår har Gerd Haugen og Gro Skogli her sammen med sju ungdomar som skal konfirmeras i vår.

Også denne hausten/vinteren har eg og Gro vore så heldige å få gjere ein liten innsats for sju jenter som skal konfirmerast våren 2019. Det hadde ikkje vore mogleg for meg å seie ja til dette, dersom ikkje min gode hjelpar - Gro - hadde blitt med. Ho har teke seg av sjølvte undervisninga. Som tidlegare lærar meistrar ho det veldig godt. Eg har bidrege med dikt og anna. Vi vonar at ungdomane har hatt det like kjekt som oss dei gongane vi har vore samla.

**Elles er eg med i ei arbeidsgruppe** når det gjeld Kyrkjelydshuset. Eg har ansvaret for at uteområdet blir stelt. I det ligg det å finne hjelparar til å slå gras og halde vekster nede i sommarhalvåret. Det er veldig mange flinke «slåttekarar» i Leikanger, og det har ikkje vore vanskeleg å få hjelp til dette. Eg vil nytte høvet til å takke alle som stiller opp her, det er ganske mange.

**Eg likar å gå i kyrkja.** Der eg vaks opp var det lang veg til kyrkja, og på 50-talet var det få som hadde bilar. Difor vart Bedehuset, som låg berre fem minutt frå heimen min, staden der vi kunne gå til gudsteneste. Det skjedde ikkje kvar sundag. Eg er så takksam for at eg vaks opp i ein heim der mi mor lærte oss fire sysken kva tru og nestekjærleik inneber. Ho lærte oss å be kveldsbøn, og ho heldt fast på si barnetru like inn i døden.

**Når eg til dømes** skal framføre ei bøn under gudstenesta, tenkjer eg ofte: «Eg vonar alle som er her i dag, lyttar med ope sinn og tenkjer over det som blir sagt». Dette gjeld òg tekstane og ikkje minst preika. Eg må òg nemne organisten vår, Hallgeir. Då postludiet er til endes, må heile kyrkjelyden applaudere. Hans musikalske ferdigheter på orgelet er òg «gudsteneste».

**Kyrkja er der for oss**, og vi vel sjølvé korleis vi vil nytte ho. Der møtast vi i sorg og i glede. Eg kjenner at kyrkjedøra blir vidare og terskelen lågare, jo oftare eg går til gudsteneste.

Eg vil slutte med eit lite dikt av Hans Børli. Han hadde vore 100 år no, hadde han levd, men dikta hans lever vidare.

#### Under himmelen

*Tro ikke at jeg kommer fra små forhold!  
Himmelen stod alltid åpen over meg.  
Jeg levde mine år med Syvstjernen som nabø  
og vinden som omgangsvenn.  
Jeg kjenner de lave maurstiene  
mellom brukne strå på jorda,  
men også lengselens kongevei av lys  
der Guds fotspor står tegnet  
i stjernestøvet.*

*Jeg er et menneske. Jeg har  
erkjent storheten i dét  
å være så uendelig liten.*



Det gjer godt å sitja saman med ei god veninne i stolen.



– Eg hadde ikkje kunne teke på med å undervisar konfirmantar utan å ha med meg Gro Skogli, seier Gard Haugen.

# – Endeleg kjøken med betre plass

**Tida då kjøkengjengen nærast gjekk «oppå» kvarandre er snart over. Kjøkenet vert berre nokre fem kvadratmeter større, men det er særslig etterlengta kvadratmeter.**



– Her ser me kor mykje større det nye kjøkenet vert etter at veggen er riven, og inngangspartiet er bygd inn som ein del av kjøkenet. Dei få kvadratmetra gjer kjøkenet romsleg. Det vert til glede for alle som skal hjelpe til på kjøkenet, seier Kolbjørn Nord.

– Eg er ikkje nokon kjøkenmeister, men eg såg fort kor trøngt det må vera for dei som arbeider på kjøkenet ved tilskipingar på kyrkjelydshuset. Når me no byggjer om, håpar eg me får eit romsleg og funksjonelt kjøken, seier Kolbjørn Nord, leiar i styret for kyrkjelydshuset.

## Mykje brukt

Kyrkjelyden har eit tenleg hus til ulike tilskipingar, til dømes tysdagstreff, babysong eller andre samkomer. Her er dekkeplass til 100 personar og her er dekketøy til 75. Då må det også vera eit godt kjøken når fleire personar vera i sving anten det er til dømes dåpfest eller konfirmasjon. Dei må til ei kvar tid gjera alt for ikkje å trakka på kvarandre.

Huset vert også leidt ut til mindre og større samkomer, som til dømes ved runde dagar, dåp, konfirmasjon og gravferder, og då vert det trøngt for dei som arbeider på kjøkenet.

## Trøngt

Arbeidet med å byggja om er kome godt i gang. Dugnadsfolk og snikkarar byrja arbeidet på nyåret. Dagens kjøken var på 11,2 kvm, men den frie golvplassen var berre 5,1 kvm.

– Det utvida kjøkenet vert 18,4 kvm. stort, og får ein fri golvplass på 10,2 kvm. No vert det over dobbel så stor golvflate, og det trengst.

Nord har full kontroll både når det gjeld kor mange som skal stilla på dugnadsarbeid og når dei må vera der slik at fagfolka som tømrarar, elektrikarar og røyrleggjarar, kan arbeida effektivt. Byggmeister Langeteid og Volldal er leigde inn til snikkararbeidet på heile ombygginga.

For å få kjøkenet større er veggene rivne. Døra som var hovudinngang mot nord er stengd. Det tidlegare inngangspartiet vert bygd inn som ein del av kjøkenet. Med dette enkle grepet får kjøkenet dobbel så stor golvplass.

## «Nytt» og gjenbruk

Eit større kjøkenet vert også meir praktisk, samstundes som det er både gjenbruk av gammalt og litt nytt.

– Hjå ein brukthandel for storkjøken har me kjøpt ein stålbenk med sidebenk frå eit storkjøken på Fornebu. Dette gjer det enklare for dei som

arbeider på kjøkenet, samstundes som ein får ei betre løysing når det gjeld oppvasken, seier Nord.

For husstyret har det også vore viktig at kjøkenet fullt ut oppfyller krava frå Mattilsynet. Difor er det også installert ein ny handvask med fotocelle.

## Tilpassa

I fjor vart det lagd nytt tak på kyrkjelydshuset.



Kjøpenskåpa må tømst før snikkarane kan koma i gang. Henry Neverdal er ein av mange som har stilt på dugnad. Han måtte gå mange rundar mellom kjøken og salen med koppar, fat og alt anna som høyrer til på eit kjøken.

Hovudinngangen er no frå vest, og ny tilkomstveg er bygd. Ein rullestolrampe er bygd og huset har slik fått universiell utforming.

- Me har fått fleire positive tilbakemeldingar frå folk i bygda over ny tilkomst. No kan dei òg koma seg hit utan å vera avhengig av å få hjelp når dei skal på kyrkjelydshuset, seier Nord.
- Kolbjørn har gjort ein strålende innsats. Me kunne aldri gått i gang med dette store arbeidet som Kolbjørn har gjort når det gjeld gjennomføringa, korleis han har følgt opp til ei kvar tid, seier Bjørg Anda, leiar i soknerådet.



*Henry Neverdal og Kolbjørn Nord slit med å demontera kjøkenskåpa. Her gjeld det å vera varsame for skåpa skal monerast på plass att når nytt golvbelegg er lagt, og veggene er pussa ned og måla.*

## Johannes lagar til kjøkenbasar

**Soknerådet manglar framleis pengar til å dekka alle utgiftene til arbeidet med kjøkenet, men Johannes Ugulsvik fekk ein spontan tanke då varmtvannstanken òg rau**

– Då rulla nye utgifter på. Eg tenkte med meg at dette skal eg fiksa, seier Johannes Ugulsvik. Han kontakta Lotteritilsynet og fekk løyve til å ha ein basar for å hjelpe soknerådet og husstyret til å dekka inn noko av meirkostnadene. Soknerådet sa ja, og basaren er sjølv sagt på kyrkjelydshuset fredag 5. april. Då skal det nye kjøkenet vera ferdig.

### Stor velvilje

Så var det vinstar.

### Kjem vel med

Ombygging av kjøken, ny veg til austsida og elektro kjem på vel 300 000 kroner inkl. administrasjonsutgifter, men kostnadene er ikkje fullfinansierte. Det totale kostnadsoverslaget, som styret søkte støtte til våren 2018, var på 860 000 kroner.

- Soknerådet har fått 286 000 kroner i støtte, 30 prosent av kostnader til denne utbetringar. Dette er desentraliserte «tippemidlar», fordelt/tildelt som tilskot til kulturhus av fylkeskommunen.

### Nye søknader

Det gamle taket vart skifta i fjor. Inngangsdøra på austveggen er skifta til ei breiare og isolert dør. Termostatstyrt vifte er montert i mønet i storsalen for å flytta varmluft ned til golvnivå. Samla utgifter til no utgjer 565 500 kroner.

- Å byggja nytt kjøken, ny veg og elektro kjem på vel 300 000 kroner inkl. administrasjonsutgifter. Desse kostnadene er ikkje fullfinansierte med tilskotsløyvinga, og må supplerast med dugnadsinnsats, der det kan utførast, og eigenkapital, seier Nord, som er vorte ein meister på å skriva søknader om tilskot til arbeidet.

- Me skal søkja Sparebankstiftelsen, og eg håpar sjølv sagt på positivt svar.

– Eg har vore rundt til verksemder i bygda, og har møtt utruleg velvilje og fått sponsorar. Eg er heilt overveldat av kor alle har vore, fortel Ugulsvik. Han har teke seg nokre timer med loddboka og hadde på kort tid selt lodd for 12.000 kroner, tre veker før basardagen.

– Det er utruleg å sjå gløden og iveren Johannes har, tek tak for å ha basaren, og like eins å få vinstar, seier ein imponert Kolbjørn Nord.

Frimerkesamlinga etter sokneprest Sverre Daae gav 21.000 kroner på auksjonen under Fruktbare dagar. Pengane kjem vel med arbeidet på kjøkenet.

### Fekk ros

På årsmøtet for Leikanger kyrkjelyd var det fleire som rosa Johannes Ugulsvik for korleis han på eige initiativ skipar til ein basar, for å få dekka meirkostnader med å kjøpa og få montert ny varmtvannstank.

- Ein takk til Johannes som har sett i gang med kjøkenbasar. Eg gledar meg til basaren, og har berre ei oppmading til alle; gje så det vert smerte i hjarta, sa Kirsti Bergfeld Svangstu, kasserar/rekneskapsførar.

Tekst og foto: Sigrid Svarlefoss

# Konfirmasjons- gudstenestene i Leikanger

**Laurdag 8. juni kl. 11.00:**

Håvard Kristiansen  
Erlend Thorsnes Henanger  
Lucas Christiansen Sjøthun  
Sindre Asperanden Navarsete  
Beate Humlestøl Njøs  
Pia Krosshaug  
Kari Gjengedal  
Hallvard Solberg Høgalmen  
Leander Asperanden Hauge

**Sundag 9. juni kl 11.00:**

Alexander Saltnes Slinde  
Hans Fosse Fidjestøl  
Erlend Eiken Oppedal  
Julian Nikolai Husum  
Ingrid Molvær  
Fredrik Skårhaug Talle  
Nathania Bisrat Tadesse  
Emma Linneah Moen

**Sundag 9. juni kl. 13.00:**

Ingeborg Knudsen Berg  
Kristin Fredheim  
Daniel Flaten  
Brage Alvik  
Signe Jung Sterri Yndesdal  
Jenny Kristina Lunde Risøen  
Vilde Sørum  
Thomas Myklebust  
Thomas Myklebust  
Anna Grepstad Røysum  
Sara Grepstad Røysum

## Nytt frå kyrkjeverja

**Når tre kommunar vert ein, må lokalt regelverk samordnast.**

2019 er eit valår. 9. september blir det både kommunestyre- og fylkestingsval og KYRKJEVAL. At det blir kommunestyreval er vel godt kjent, og me håpar også at dei fleste har fått med seg at det skal vere kyrkjeval samstundes. Sokneråda jobbar no med val av nominasjonsnemnd og å fremje personar til å stå på vallista.

Det å sitje i eit sokneråd er eit viktig verv, og mange seier dei har lært mykje av å sitje i eit sokneråd. Mange seier òg at oppgåvene dei vart sett til og det dei arbeidde med var heilt annleis enn dei hadde trudd på førehand. Den perioden me går inn i no blir også veldig spennande med kommunesamanslåing og mange endringar for Den norske kyrkja. Har du lyst å vere med og påverke arbeidet i ditt sokn? Då har du sjansen no. Meld deg gjerne som interessert til soknerådet, eller svar ja om du blir spurta om du er villig til å stå på lista.

Som medlem i Den norske kyrkja vil du også få tilsendt valkort i posten, og det vil komme meir informasjon om kyrkjevalet i kyrkjelydsblaða framover. Du finn også meir om kyrkjevalet ein annan stad i dette bladet.

### Nye gravplassvedtekter

I samband med samanslåing av kommunane Sogndal, Leikanger og Balestrand, må alt av lokalt regelverk m.m. samordnast – såleis også dei lokale gravplassvedtektena. Den kyrkjelege fellesnemnda vottok nye gravplassvedtekter på sitt møte 19.02.19. Før desse gravplassvedtektena trer i kraft, må dei òg godkjennast av Bjørgvin bispedømeråd. Søknad om godkjenning er sendt.

Dei lokale vedtektena regulerer mellom anna fredingstider for grav, festetid, storlek på gravminner og plantefelt m.m. I korte trekk kan ein seie at det meste av vedtektena som gjaldt for Leikanger tidlegare også er vidareført no. Dei nye gravplassvedtektena vil bli lagt ut på heimesida vår så snart dei er godkjende hjå bispedømerådet.

I samband med samordninga av gravplassvedtektena blir det også arbeidd med å laga eit informasjonshefte om litt ulikt i samband med dødsfall og gravferd. Denne informasjonen ynskjer me å trykke opp og leggje inn i neste kyrkjelydsblad som «napp ut-sider». Nokre eksemplar av dette vil også bli gitt til alders- og sjukeheimane til bruk for pårørande.

### Festeavgifter for graver

Festeavgift er ei kommunal avgift som fellesrådet/kyrkja krev inn på vegne av kommunen. Storleiken på festeavgifta blir fastsett av kommunen etter tilråding frå fellesrådet. Festeavgifta blir betalt av festar for å behalde råderetten over grava. Inntektene av festeavgiftene skal gå til vedlikehald og drift av gravplassane/gravplassformål.

Leikanger kommunestyre vedtok i 2010 at det skulle innførast festeavgift for gravplassane på Leikanger når festeregisteret og registreringa av gravene var fullført. Festeavgifta skulle då innførast på same nivå og på same vilkår som for gravplassane i Sogndal kommune. Arbeidet med festeregister og registrering er no på det nærmeste fullført, og faktura på festeavgifter vil difor bli sendt ut no i vår.

Festeavgifta er på 300 kroner pr. grav pr. år og blir fakturerert ut for ein periode på 5 år. Det blir ikkje kravt inn for nokon periode bak i tid, men fakturaen vil lyde frå i år og for 5 år fram i tid. Som festar vil du difor få ein faktura pålydande 1.500 kroner pr. grav.

Mange trur òg at tal graver er det same som tal gravsteinar. Dette stemmer ikkje. Ein kan ha samla fleire namn frå fleire graver på same gravstein. Ei grav kan også vere gjenbrukt av fleire – men vert framleis berre rekna som ei grav. Ei grav er altså å forstå som den fysiske delen av marka som grava utgjer. Ein betalar pr. slik «fysisk plass i marka» - og ikkje ut frå kor mange gravsteinar eller kor mange som er gravlagde der.

### Som festar har ein ulike rettar og plikter:

At ei grav er festa betyr at den er reservert til bruk og betalt festeavgift for. Festearansvaret må vere skrive på ein person. Festaren vert òg kontaktperson for kyrkjekontoret i høve grava, og er den som mottek faktura på festeavgift.

Den som er festar av ei grav er suveren til å bestemme:

- a) kven som skal gravleggjast i grava
- b) om det skal stå gravminne på grava
- c) kva gravminne ein vil nytte
- d) kva blomar/planter og pynt det skal vere i plantefeltet.

Det er festaren som er registrert som eigar av gravminnet og den ansvarlege skal difor vere ein fysisk person som sørger for at det vert ført jamleg tilsyn med at grav og gravminne er i samsvar med lover og forskrifter (jf. Gravplassvedtektena for sikring av gravminne, planting m.m.).

Våren i Noreg er ei fin tid – ja den finaste årstida seier mange. Då byrjar sola å varme meir og det blir grønt og frodig rundt oss. Trekkfuglane kjem tilbake og boblejakka kan leggjast vekk for ei stund. Med våren kjem også påsken, og det er ein av dei store høgtidene i landet vårt. I kyrkja er vel påsken den viktigaste høgtida, og mange gudstenester og andre arrangement er lagt til denne tida. Du er hjarteleg velkommen på dei! Mai er kanskje den vakraste vårmånaden og konfirmantane kanskje mellom dei vakraste vårblopane. Konfirmasjonane kjem som perler på ei snor på denne tida, og gir ofte også eit høve for familiar å samlast.

VELKOMNE TIL KYRKJE OG GOD VÅR!

Jorunn Merete Haukås-Eide  
Kyrkjeverje i Sogndal og Leikanger



På fleire graver kan du sjå dette skiltet for å få kontakt med vedkomande som har festearansvaret.

# Frå Bach til Mellom-Amerika



Mari og Ingrid Askvik står bak nyskapande konsertprogram til steinkyrkjene i Sogn. (Arkivbilete)

## Kyrkjekunstserien Fem i Stein lanserer nye prosjekt i 2019.

Sommaren 2018 arrangerte systrene Ingrid og Mari Askvik den første oppsetjinga i kyrkjekunstserien deira Fem i Stein. Målet til systrene er med jamne mellomrom å kunne tilby dei fem steinkyrkjene i Indre Sogn spennande og varierte produksjonar med stor kunstnarleg breidde.

### Kulturrådet gir støtte

Fem i Stein har fått 250 000 kroner i tilskot av Norsk Kulturråd for planane i 2019.

– Det er utrøeg kjekt at Kulturrådet har valt å satse på Fem i Stein. Me møter mykje velvilje og interesse, og håpar at folk i Sogn også synst dette er kulturopplevingar det er verdt å få med seg, seier Mari Askvik i ei pressemelding. Ho fortel dei har to prosjekt under planlegging for i år og inn i 2020.

### Nyskapande og unik

– Me håpar dette kan verte ein nyskapande og unik

kulturarena i regionen. Me vil arrangere konserter med høg grad av profesjonelle kunstnarar, både frå og utafrå regionen, seier Mari Askvik.

Den første produksjonen i Fem i Stein var ei konsertfraumsyning kalla «Skritt for skritt». Den gjekk av stabelen ved olsok i fjor sommar.

Med norske og keltiske folketonesalmar- og melodiar leika dei seg med temaet pilegrimsgong og pilegrimssong. Med seg hadde dei den profilerte barokkmusikaren Ingeborg Christophersen på både fløyter og trøorgel, og folkemusikaren Jon Brodal på feler. Mari Askvik var med som songar og Ingrid Askvik hadde regi.

– Det er klart at det er ein styrke me har, at me kan bidra inn i produksjonar med vår eigen kompetanse innan song og teaterregi, og kunstneriske ambisjonar. I tillegg kan bror vår med scenografutdanning vere ein medspelar. Men me er også opne for å kunne sende andre sine prosjekt på turné i dei fem kyrkjene.

## Maria

Det første som skjer i 2019 er eit forprosjekt/prøveperiode med alle aktørane i konsertframsyninga «Maria».

– Under øvingsopphaldet i Leikanger i juni, tek me turen til Kvamsøy kyrkje 2. pinsedag for å bidra med musikk på gudstenesta der. Kyrkjelydar langs heile fjorden er inviterte til å kome til Kvamsøy denne dagen.

– Maria-oppsetjinga lagar me med tanke på arbeidet som er lagd ned i Vik for å få på plass ein kopi av Hovemadonnaen. Saman med forteljar og songar Kjersti Morland, og med Åsbjørg Ryeng på argentinsk trekkspel, skal eg og Ingrid samle Mariasoger og Mariaviser frå ulike land og kulturar. Me vil sy det saman til ei oppsetjing som kan gje eit innblikk i mangfaldet av musikk og legender Maria har inspirert til gjennom århundre, seier Mari.

– Me ønskjer å sende «Maria» ut på turné til Leikanger, Aurland og Luster kring Maria Bodskapsdag i mars 2020. Hove og Kvamsøy må vente til over sommaren, når det er varmare i været – og kor stilig hadde det ikkje vore om Hovemadonnaen var komen på plass når me kjem dit?

## Bach til Sogn

I september kjem årets storsatsing – Bach-konserten «In my end is my beginning». Då sender Fem i Stein eit nyetablert profesjonelt kor ut på turné til dei tre største steinkyrkjene, saman med barokkmusikarar frå øvste hylle frå heile Skandinavia.

– Eg er faktisk litt usikker på om liknande prosjekt har vorte realisert i her tidlegare, seier Mari.

Koret heiter JSB Ensemble Oslo, og er eit initiativ frå dirigent Julia Blank og songar Halvor Festervoll Melien. Halvor er ein av Noregs fremste baritonar, og

er også ein ettertrakta solist i utlandet. Julia studerte master i dirigering under Grete Pedersen på Norges Musikkhøgskole i Oslo og vann nyleg London International Choral Conducting Competition. Ho dirigerer til vanleg kor som Asker Kammerkor og Junges Vokalensemble München - som gjev eit hint om kvar Julia kjem frå.

– Dette vert JSB Ensemble Oslo sitt første prosjekt. Målet deira er å lage nyskapande konsertprogram der dei framfører Johann Sebastian Bach sin meistarlege musikk på eit toppnivå - i tillegg til å setje musikken hans i lys av andre komponistars verk.

I denne konserten skal dei blant annle gjere Bach sin utrulege motett "Singet dem Herrn" for dobbeltkor og orkester, sett saman med den langt seinare komponisten Hugo Distler sitt verk med same tittel. Den italienske samtidskomponisten Luciano Berio sitt verk «A-ronne» (frå A til Å) kjem også til å spele ein viktig rolle i konserten, og me trur dette er eit konsertoppsett av dei sjeldne. Mari er ein av dei åtte songarane i koret, medan Ingrid er med på å legge regien på denne noko utradisjonelle konserten.

Etter konsertane i Leikanger kyrkje 25. september, Dale kyrkje 26. september og Vangen kyrkje i Aurland 27. september, skal ensemblet til Bergen. Der vert konserten sett opp under Bergen Kirkeutunnale i Bergen Domkirke. Dagen etter er turnéen ved vegs ende i Uranienborg kirke i Oslo.

– Fem konsertar på fem dagar vert både hektisk og intenst for utøvarane, og me håpar difor å kunne vere så godt vertskap som råd medan dei er her i Sogn. Det kan godt vere vi har bruk for litt hjelp med praktisk tilrettelegging under øvingsdagane her i Leikanger, om nokon har lyst til å bidra.

## Fasteaksjonen 2019

Fasteaksjonen er tysdag 9. april i Leikanger. Då går konfirmantane frå dør til dør. Er du ikkje heime når dei kjem? Du kan gje pengar til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon som går til brønnboring, latrinebygging og andre tiltak som reddar liv rundt om i verda.

Bruk VIPPS 2426 (bruk kjøp og betal) eller send SMS VANN I 2426 (200 kr).

# Gamle vers i ny tonedrakt

Du såg dei kanskje på Lindmo 23.februar i år? Ingebjørg Bratland og Espen Lind. Det siste halvåret har dei turnert på kryss og tvers i Norge med gamle salmar i ny tonedrakt. Og responsen har vore god, for å seie det slik!

Det heile starta som eit bestillingsoppdrag til Olavfestdagane i Trondheim i 2011. Bjørn Nessjø var initiativtakar, og Espen Lind fekk oppdraget med å tonesetje eit knippe gamle salmar. Fleire kjende salmar som «Å leva, det er å elsk»», «Eg veit i himmelrik ei borg» og «Nærmere deg min Gud» kom med.

Espen Lind ønska å ha med seg ei «damestemme» som kunne «passe inn». Han tok kontakt med Ingebjørn Bratland, som på den tida ikkje hadde brote gjennom kjendismuren. Resultatet vart konserten «Linds reviderte» (med ein klar referanse til «Landstads reviderte salmebok») i Vår Frues kyrkje sommaren 2011.

Espen Lind har ein brei musikarbakgrunn, men seier sjølv at salmar skil seg frå all annan musikk han har jobba med: «En god salme har en åndelig dimensjon som kan treffe deg, selv om du ikke er kristen


eller tror på Gud. De beste salmene har et nesten universelt budskap, som trøst eller håp.» Ein slik salme er «Å leva, det er å elsk».

Teksten er eit dikt av Anders Vassbotn. I tillegg til å skrive salmar, skodespel og diktsamlingar var Vassbotn både bonde og politikar. Først ordførar i Volda frå 1911-1913, så stortingsrepresentant for Venstre frå 1913 til 1930. Peer Stenberg komponerte i 1923 melodien til det som etter kvart vart ein kjend og kjære salme. Den blir brukt både i bryllup og gravferder.

Eit knapt hundreår seinare har salmen fått ny tonedrakt. Ingebjørg Bratland, Espen Lind med musikarane Torjus Vierli og Haldor Røyne avsluttar turneen før påske, så du er nok for seint ute til å få med deg konserten. Men YouTube er ein fin ting. Der kan du søke opp den nye versjonen av «Å leva, det er å elsk».

Len deg tilbake, og hør på den tidlause teksten. Du vil få ei klangfull oppleveling!

*Signe Eikenes*



Å leva, det er å elska det beste di sjel fekk nå;  
å leva, det er i arbeid mot rikare mål å trå.  
Å leva, det er i livet å finna det største verd;  
å leva, det er å vinna til sanning i all si ferd.  
Å leva, det er å leggja all urett og lygn i grav;  
å leva, det er som havet å speglia Guds himmel av.

# ÅRSMELDING FOR LEIKANGER KYRKJELYD 2018

## – Frivillige gje ein stor innsats for kyrkja

Årsmeldinga for Leikanger kyrkjelyd viser at dei mange frivillige gje stor aktivitet

– Det er eit lagarbeid. Eg takkar alle frivillige som gjer ein stor innsats for kyrkja, sa Bjørg Anda, leiar i Leikanger, då ho la fram årsmeldinga for kyrkjelyden sundag 17. mars.

### Soknerådsmøte og saker:

Soknerådet har hatt 10 møte, inklusiv årssamling for kyrkjelyden og eitt fellesmøte med sokneråda i Sogndal og eitt fellesmøte med soknerådet i Balestrand og sokneråda i Sogndal. Årssamlinga vart halden etter gudstenesta i kyrkja søndag 18. mars, kombinert med kyrkjekaffi. Det var opplesing av årsmelding og gjennomgang av rekneskapen.

Soknerådet handsama i alt 54 saker i 2018.

### Trusopplæringsutvalet:

Hege Feet Askvik var representant i trusopplæringsutvalet i 2018.

Varamedlem: Bjørn Sandvik Sølsnes

Diakoniutvalet: Åse Kongsvik var representant i diakoniutvalet.

Varamedlem: Sunneva Husabø

Husstyret (Kyrkjelydshuset): Gerd Haugen, Odrun Ugulsvik Myklebust, Anne Karin Fredheim Instefjord og representant for soknerådet, Kolbjørn Nord, som er leiar.

### Fasteaksjonsnemnd:

Fasteaksjonen er ein årleg dugnad til inntekt for Kirkens nødhjelp. Den vart halden tysdag 4. april. Det er kyrkjelyden si innsamling, men konfirmantane og konfirmantforeldrene gjer ein stor innsats for aksjonen. I 2018 kom det inn 32 543 kroner. Tom Sølv Myklebust og Sindre Børsheim Ramung frå soknerådet organiserte innsamlinga.

### GUDSTENESTER

Gudstenestene er navet i kyrkjelyden. Leikanger kyrkje har gudstenester annakvar sundag. I tillegg kjem gudstenester i høgtidene og særskilde gudstenester. Det var i 2018 totalt 45 gudstenester med totalt 4 401 deltakrar.

Det vore to gudstenester på kveldstid med mykje song og musikk, «Salmar og kaffi», skjærtorsdag – «påskesalmar og kaffi», og tysdag 24. april, i samband med bispevisitaset. Ei nemnd har førebudd og gjennomført

dette gudstenestene. Det har vore kyrkjekaffi etter gudstenestene.

I nemnda har desse vore med: Kari Kitty Stadheim, Gerd Haugen, Hege Feet Askvik, Jean Rockwell, Dagny Ugulsvik Alvik, Odrun Ugulsvik Myklebust, Tom Sølv Myklebust og Erna Flatabø. Tilsette i nemnda: Hallgeir, Vegard, Monica og Cristina.

I andre halvår starta vi med Familiesøndag ein gong i månaden, helst på ettermiddag/kveldstdid, 19. august, 30. september, 28. oktober og 25. november. Vi ynskjer at fleire familiar og yngre folk kjem til kyrkje, og oppleget er at vi har ei uformell, sosial samkome med servering av varm mat i Kyrkjelydshuset kl 17. Frå kl 17.30 er det øving med borna og konfirmantane i kyrka på songar, liturgi og rørsler. Gudsteneste i kyrkja kl 18 med vandringsdel. Mange er engasjert som medliturgar (medhjelparar) og deltek med lesing, lyttenning, ta inn takkoffer og utdeling av nattverd under gudstenestene. Her er vaksne og konfirmantar saman om oppgåvane. Bjørg Sæter, Kirsti Svangstu, Signe Eikenes, Odrun Ugulsvik Myklebust, Gjertrud Tretteteig, Sindre Børsheim Ramung, Kristen Askeland, Dagny Alvik, Hege Feet Askvik, Gerd Haugen, Bjørn Sandvik Sølsnes, Anita Instefjord, Magny Ugulsvik Bukholm og Bjørg Anda.

I påska var det «Påskesalmar og kaffi» skjærtorsdag, Pasjonskveld langfredag og høgtidsgudsteneste 1. påskedag.

Julaftan vart juleevangeliet framført på tre gudstenester (kl.12, 14 og 16) med rundt 80 engasjerte born og vaksne på og bak scena. Også dette året vart det delt ut billettar på førehand. Ingrid Askvik var også dette året engasjert som instruktør, og til å halda styr på dei mange aktørane. I tillegg hadde soknerådet leigd inn Mathias Askvik og Mari Askvik. Første juledag var det høgtidsgudsteneste, der Leikanger mannskor medverka med song.

### Kyrkjelege handlingar i 2018:

20 (17) døypte

21 (31) konfirmantar

4 (4) vigslar

21 (10) gravferder  
(tala i parantes 2017)

### Konsertar/arrangement

Gjennom året har det vore fleire konsertar og arrangement i kyrkja.

Den konserten som nok gjorde sterkest inntrykk var minnekonserten «Salmar og Egon» 24. januar. «Hjartevarm song for kjær prest», var overskrifta på Sigrid Svartefoss sin omtale av konserten i Kyrkjelydsbladet. Det

var Damed`n som tok initiativet til konserten, og med seg hadde dei Leikanger mannskor og Ingrid og Mari Askvik. Det var og allsong, med mellom anna melodiar skrivne av Egon Askvik.

Sogn og Fjordane teater vitja kyrkja 23. mars, med framsyninga «Maria Magdalena».

24. april var det felles medarbeidarfest på Leikanger ungdomsskule, etter «Salmar og kaffi», i samband med bispevisitaset.

26. juli, forestilling/konsert «Skritt for skritt», som ein del av kyrkjekunstserien «Fem i stein», med ml.a. Mari Askvik og Ingrid Askvik.

7. august, konsert med Helga Farestveit og Sverre Volle, musikk av Edvard Grieg og Olav Sande.

Julesong 2018, med Bjørn Tore Årøy, Børge Askeland, Einar Bolstad, Kari Malmanger, Gunn Marit og Inge Ronny Kvåle, heldt konsert 4. desember.

Det var ei stemningsfull Lucia-feiring i kyrkja onsdag 13. desember kl 07.30.

Den tradisjonelle julekonserten med lokale kor og korps, var tysdag 11. desember.

25. desember var det midnattskonsert med Leikanger musikklag.

Av andre arrangement som må nemnast er 13. dagsfesten. Fargerik førjulssamling vart arrangert for fjerde gong laurdag. 8. desember i Kyrkjelydshuset.

### Bispevisitas

Det var bispevisitas 24. – 29. april i sokna i Sogndal og Leikanger sokn. Biskop Halvor Nordhaug møtte kyrkjelyden i Leikanger 24. april, då det var «Salmar og kaffi» og medarbeidarfest.

I visitasføredraget sitt utfordra han både kyrkjelydane

og kommunane. For Leikanger sin del nemnde han særskilt at kommunen må få på plass eit handikaptoalett ved kyrkja, for at vi verkeleg skal kunne inkludere alle. Kyrkjelydane vart mellom anna oppmoda om å få ei målretta gjevarteneste for ungdomsarbeidet på plass, og gjerne ei eittåringsteneste.

### Inspirasjonskveld for frivillige medarbeidrarar

Den 8. november var om lag 60 frivillige medarbeidrarar og tilsette frå alle dei fem sokna i Sogndal og Leikanger samla til inspirasjonskveld i Stedje kyrkje. Kvelden hadde eit variert program med musikk, song og opplesing. Begge organistane var på plass, med både eigne innslag og med tonefølgje til allsongen. Samlinga var ein del av arbeidet med å utarbeide ein handlingsplan for oppfølging av dei frivillige medarbeidarane i kyrkja (sitat frå Leikanger kyrkjelydsblad).

### DIAKONI OG OMSORG

#### Tysdagstreffa

Tysdagstreffa heldt fram med Sunneva Husabø, Ingeborg Ugulsvik og Vegard Bondevik Lie som ansvarlege for treffa. Dei har hatt mange gode hjelparar, både på kjøkkenet og til andre oppgåver, som t.d. program.

Det har vore 14 treff og det har vore 25-30 som har møtt opp.

Vegard Bondevik Lie har hatt andakt på dei fleste treff. Hallgeir Øgaard Westli har spelt musikkstykke og har spelt til salmene. Me har også hatt musikalsk hjelp av Bjørn Andresen, Jon Lunde og Vegard Bondevik Lie. Reidun Strand har hatt trim og Reidun Vangsnes har vore vikar.

#### Ansvar for program:

Sigrid Svartefoss, Hallgeir Øgaard Westli, Kolbjørn Nord, Knut Grinde, Bjørg Tvetene Sæter, Hege Feet Askvik, Johannes Ugulsvik, Gunnveig Tjønn, Ingebjørg Wiken og Leikanger Ungdomsskule

#### Ansvar mat:

Nils Rendedal, Gerda Alme, Gunnveig Tjønn, Sigrid Gjøringbø, Kjellaug Rørvik, Ingerda Fossen, Ingbjørg Skårhaug og Randi Berge, Marit Velle, Kari Kitty Stadheim, Sunneva Husabø og Ingeborg Ugulsvik.

#### Medhjelparar:

Borghild Furre, Astrid Stokkenes, Marta Raae, Jenny Holen Langeteig, Sofie Henjum, Kjellaug Gjengedal, Reidun Husabø, Gerda Christensen, Karin Lundheim, Astrid Breisnes, Solveig Talle, Karin Husabø, Marie Remø, Inger Lereim, Else Berit Værn, Solveig Norum, Sigrid



Biskop Halvor Nordhaug, kyrkjefagsjef Tore Skjæveland og Helge Torstad deltok saman med kyrkjelyden på «Salmar og kaffi»

Gjøringbø, Ellen Hamre, Margareth Seim, Aud Neverdal, Astrid Buene, Barbro Dahl, Margit Flæte, Hjørdis Lefdal, Åsta Holme, Kari Kitty Stadheim, Erna Flatabø, Berit Grinde og Åse Ruth Svedal

### Internasjonalt dametreff

Soknerådet, i samarbeid med flyktninggetenesta, tok hausten 2017 initiativ til ein ny møteplass. Annakvar måndag kl 19.30 var det fram til sommaren 2018 treff i peisestova i Kyrkjelydshuset. Damer i alle aldrar og med ulike nasjonalitetar samlast heilt uformelt over ein kopp kaffi eller te. Åse Kongsvik og Monica Ugulsvik var ansvarlege for gjennomføringa.

### Skyss til gudstenestene

Soknerådet organiserte køyring til gudstenestene for dei som treng skyss. Ansvarleg for ordninga var Sindre Børshem Ramung. Det er få som nyttar seg av ordninga.

### TRUSOPPLÆRING:

**Dåpsborna** har i ein del år fått «Bibel for born» på dåpsdagen i gave. I løpet av 2018 vart dette endra og samkørt med resten av Sogndal og Leikanger, slik at alle dåpsfamiliar i fellesrådsområdet no får boka «Arvegull» i dåpssamtalen.

I 2018 var det 20 døypte.

### Babysong

har samlingar for born mellom 0-1 år. Kyrkjelydspedagog Monica Ugulsvik er leiar for babysongen. Kantor Hallgeir Øgaard Westli er med på samlingane, som er i kyrkjelydshuset. Etter ei økt med song og regler er det tid for mat og prat. To frivillige medarbeidarar lagar formiddagsmat. I tillegg til å lage mat er dei med og passar dei små. 26 born deltok saman med mor/far.

### Frivillede medarbeidarar:



Astrid Breisnes, Else Berit Værn, Barbro Ness, Gunhild Børtnes, Ingeborg Ugulsvik, Marit Velle, Gerd Haugen, Ingerda Fossen, Gro Skogli, Sunneva Husabø og Guro Henjesand.

**Skulestart for 6-åringane** vart som vanleg markert med gudsteneste kvelden før første skuledag. Dette var ei fin markering, der det å skulle byrja på skulen stod i fokus, og at tida på skulen skal verta ei god oppleveling. På denne samlinga vart også «Mi kyrkjebok 6» med arbeidshefte delt ut. Etter gudstenesta var det pølsefest på kyrkjebakken.

**4-åringane** fekk utdelt «Mi kyrkjebok 4» på hausttakkefesten.

**LysVaken:** 24.-25. november var det LysVaken i Leikanger kyrkje. 20 11-åringar var med, dei aller fleste frå Leikanger. Alle døypte/tilhøyrige 11-åringar frå alle sokn i Sogndal/Leikanger vart invitert. Alle dei tre ovannemnde tiltaka var knytt opp mot familiesøndagane i haust.



**Tårnagent-helg** for 8-åringar er eit felles trusopplæringstiltak for alle 5 sokna i Sogndal og Leikanger. Hovudfokus på dette arrangementet er å møta åtteåringen, at han/ho skal føle seg heime, få utforske tårnet og læra om kristne symbol. Ein tårnagent får i oppdrag å sjå etter og gjera det gode for seg sjølv, andre og skaparverket – slik bibelen fortel oss. I 2018 vart denne helga arrangert i november, i Ølmheim kyrkje.

**11-årsbibel:** I februar vart det delt ut «Bibelen-ei vandring gjennom den store forteljinga» i ei gudsteneste med påfølgjande kyrkjekaffi.

**Kyrkjeseikk:** Soknerådet har kjøpt inn «Kyrkjeseikk», er ein «barnekrok», som ungane kan ta med seg i kyrkjebenken. I sekken finn dei litt forskjellig; teiknesaker, bøker, rosiner osv. Heimestrikka labbar finn dei og, som dei kan ha på seg om dei vil bevege seg litt i kyrkja.

**Barnehage/skule – kyrkjesarbeid:** I løpet av eit år er det ein heil del kontaktpunkt mellom barnehagane og kyrkja og skulane og kyrkja, både i kyrkja og i barnehagen eller på skulen. Døme på slike møtepunkt er:

### Barnehagane

Det er tradisjon at presten og andre kyrkjelege tilsette kjem på besøk i barnehagane til påskesamling og lunsj, like før påske. Då har ein fellessamling der

påskeforteljinga blir fortalt, syng påskesongar og snakkar om påska. Denne samlinga er det prest eller kyrkjeleg tilsett som har ansvaret for. Det er stor stas å få komma på besøk, og me blir alltid godt mottekte av både små og store når me kjem. Når våren kjem, og blomstrane er på sitt finaste, då møtast alle barnehagane i kyrkja for å halda Blomstergudsteneste. Borna kjem med mykje blomster som dei har plukka på vegen og vil pynta i kyrkja med. Ei enkel gudsteneste med klokkeringing, mykje song, forteljing, lystenning og velsigning. I desember blir dei eldste i barnehagane inviterte til julevandring i kyrkja. På denne vandringa møter me englane på Betlehemsmarka, gjetarane og dyra deira. Me kjem heilt fram til Betlehem, der me tenner lysa i adventsstaken og syng før me går vidare saman med Josef og Maria, til stallen der Jesusbarnet er født. Juleevangeliet blir lese heilt til slutt. Alle som deltek på denne vandringa, både born og vaksne, får ulike rollar og blir kledd i kostymar. Under vandringa syng me kjende julesongar og lyttar til orgelmusikk.

### **Skulane:**

Gjennom skuleåret er ulike klassetrinn på besøk i kyrkja, gjennom KRLE-undervisninga. Presten har vore på besøk på ungdomsskulen, ein gong saman med helsesøster om temaet sorg, og ein gong for å informere om og invitere til konfirmasjon.

I desember lagar 1. klassingane englar, som pyntar juletreet i kyrkja kvart år.

Både barneskulen og ungdomsskulen har skulegudstenester i kyrkja før jul

### **Etter skuletid**

Ungdomsprest Andreas Danbolt starta aktivitetsgruppe i Kyrkjelydshuset for konfirmantane 2018, som ein del av konfirmantopplegget, med samlingar i vårhalvåret. Dette er eit tilbod som er ope for alle på ungdomstrinnet. Innhold på samlingane er lekser, felles leik, spel, kiosk m/ varm mat, andakt m.m.

### **Konfirmasjonsførebuinga**

Det er soknerådet som er ansvarleg for konfirmantopplegget. Ungdomsprest Andreas Danbolt og sokneprest Vegard Bondevik Lie har ansvaret for undervisninga, som i stor grad har vore på laurdagssamlingar saman med konfirmantar frå Kaupanger, Fjærland, Norum og Stedje sokn. Samlingane varer frå kl 10 til 14 og har ein god variasjon i undervisningsform. I januar var alle med på leir på Lyngmo ei helg. Alle konfirmantane er også med på heimegrupper.

Frivillige har opna heimen sin for kvar si konfirmantgruppe, Bjørg og Kjell Sæter, Magny og Ove Bukholm, Gerd Haugen, Gro Skogli, og Monica Ugulsvik.

Der har dei ete og leika i lag og hatt litt undervisning. Fleire av konfirmantane har gjeve uttrykk for at dette er

kjekt. Takk for innsatsen til alle som har vore frivillige i konfirmantopplegget i 2018. På våren var konfirmantane med på aktivitetsgrupper. Ei av dei er m.a. det nystarta ungdomstilbodet «Etter skuletid» på kyrkjelydshuset som ungdomsprest Andreas har starta.

Det var 21 som vart konfirmert pinsedag 20. mai.

28 nye konfirmantar vart presentert hausten 2018, og følgjer same oppleget som førre årskull.

Konfirmantane er elles med som medhjelparar og gudstenestedeltakrar under gudstenester. Dei får mange lovord for den fine måten dei utfører oppgåvene sine på.

Foreldra gjer eit stort dugnadsarbeid med å køyra, baka og som medhjelparar på ulike arrangement.

### **FOREININGAR**

#### **Kyrkjeringane**

Dei tre kyrkjeringane har hatt sine månadlege møte, fem møte i 2017, med fellessamling i april og desember. Desse var leiatar/kontaktperson i kyrkjeringane:

Ytre: Synneva Husabø

Midtre: Sigrid Gjøringbø

Indre: Ingeborg Ugulsvik

Kyrkjeringane har gjennom mange år vore gode støttespelarar for kyrkja. I 2018 finansierte dei julekrubbe til kyrkja, som vart teken i bruk i adventstida.

#### **Anna frivilleg verksemد**

Bibelgruppe: Liv Eldholm

Holum misjonslag: Ella Lunde

Leikanger Normisjon: Marit Askeland og Jorunn Kvalsvik

Aase

Misjonssambandet: Gunveig Tjønn

#### **Leikanger kyrkjelydsblad**

Kyrkjelydsbladet kjem med tre nummer i året: Før påske, tidleg haust og til jul. Sigrid Svartefoss er redaktør og har med seg Åse Kongsvik og Hege Feet Askvik i redaksjonsnemnda. Redaksjonelle medarbeidrarar er Kirsti Svangstu, Sindre Børsheim Ramung og Signe Eikenes. Elianne Eggum syter for design, medan Systrand damekor tek seg av distribusjon. Bladet har ein god økonomi, og verkar bli lest og sett pris på. Sjå eige rekneskap for bladet.

#### **Kyrkjelydshuset**

Kyrkjelydshuset er eit godt hus for kyrkjelyden, og det vert nytta til både faste og sporadiske arrangement i kyrkjelyden. I tillegg er det i bruk ved dåp, gravferder og konfirmasjon. Det er ambulerande vaktmeisterteneste frå månad til månad, og desse gjer, saman med slåttekarane, ein god og viktig jobb.

I januar vart det montert «helikoptervifte» under mønet i storsalen.

I november 2017 skifte vi ytterdøra i austenden av huset, inn til småsalen. Tilkomstveg kom på plass i 2018, og arbeid med denne var i regi av Instefjord Asfalt. Muring og vegarbeida var det Øyvind Gjerløw som utførte, med Kolbjørn Nord som medhjelpar/byggjeleiar. Instefjord Asfalt utførte asfaltarbeidet. I mellomtida fekk Kolbjørn med seg Olav Steig og Finn Sundby, og snikkerte rullestolrampe framfor den nye døra. Deretter sette Kolbjørn og Arne Lien opp rør-rekkverk på muren mot huset.

Eit stort prosjekt vart sett i gang og fullført med glans våren 2018: skifte av taktekke. Byggmeister Volldal og Laneteig AS starta på arbeidet etter påske, med Kolbjørn som byggjeleiar, og huset kunne takast i bruk før pinsa. Fylkespolitikarane i hovudutval for kultur gav eit tilskot på inntil kr 286 000, avhengig av storleiken på dei faktiske kostnadene. Denne summen skal også vere med og finansiere utviding av kjøkkenet.

Teleslynga er sett i stand/kopla til.

Torsdag 1. november gjekk den tradisjonelle basaren til inntekt for Kyrkjelydshuset av stabelen, og huset var fullsett av folk i alle aldrar. Svært mange bidrog med gåver og heimebakst. Netto resultat vart 34 000 kroner. Jorunn Fosse Fidjestøl, Tone Britt Myreng og Bjørg Anda hadde hovedansvaret for gjennomføringa av basaren.

Kyrkjelydshuset vert mykje brukt og har relativt høge straumkostnader. Leiga for huset i 2018 var 1000 kroner per dag, med høve til å leige huset dagen før for 300.

### **Frimerkeauksjonen**

Under «Fruktbare dagar» vart det arrangert frimerkeauksjon, som resulterte i 21 000 kroner, øyremerka Kyrkjelydshuset. Frimerkesamlinga var ein del av arven etter sokneprest Sverre Daae, som var i bygda i 37 år, fram til 1960. Olav Aga hadde vurdert verdien av samlinga på førehand og Haavard Stensvand var auksjonarius. Cafè Herman var fullsett og auksjonen gjekk fort unna. Knut Henning Grepstad fortalte nokre av historiane om den fargerike presten, som hadde eit stort engasjement for bygda.

### **Vaktmesterteneste:**

Kristen Askeland, Marit Askeland, Torbjørn Aase, Berit Grinde, Anja Hamre, Soleana Giuseppe, Solveig Yttri, Knut Haukeland, Gerd Midtun, Gunvor Hamre, Bjørg Anda og Linda G. Grinde.

### **Slåttearbeid**

Fra mai til oktober vert graset slått. Det er som regel to personar i sving per gong. Desse har stått på lista: Gerd Haugen, Kristen Askeland, Bjarne Nes, Kjell Erik Strand, Arne Rørvik, Knut Haukeland, Jon Solheim, Torstein Svedal, Henry Neverdal, Jon Henjum, Jan Helge Furre og

Oddvar Lundheim.

### **PERSONALSITUASJONEN**

#### **Prestetenesta**

Vegard Lie Bondevik - sokneprest i Leikanger og Norum.  
Medarbeidarar  
Cristina Sandor - kyrkjetenar og reinhaldar  
Hallgeir Westli Øgaard – kantor  
Monica Ugulsvik – trusopplærar  
Andreas Danbolt - ungdomsprest

### **Kyrkja**

Teleslynga i kyrkja er sett i stand.

Lampettane i kyrkja bør skiftast ut. Lyspærene må bestillast frå Sverige og er svært dyre. Dei går ofte. Det vart i 2018 sett ned ein komité som skal sjå på innreiing av sakristiet; Tom Sølve Myklebust, Vegard Bondevik Lie, Hallgeir Øgaard og Cristina Sandor. Kyrkjeringane har løyvd midlar til kjøp av skåp og anna nødvendig utstyr.

### **VIDARE PLANAR:**

Ringeanlegget fekk ein tiltrengt service i august 2015, og er no så bra som ein kan få det. Diverre er det av noko eldre dato slik at «reservedelar» ikkje er lett å få tak i. Om ei tid treng ein difor ei oppgradering av anlegget, og all automatikk må då skiftast ut.

### **Enøk-tiltak**

Det er installert varmestyringsanlegg i kyrkja.

Vi ynskjer ei bygningsmessig tetting av hovuddøra mellom kyrkerommet og våpenhuset.

### **Kyrkjeorgelet**

Kyrkjeorgelet treng reingjering og intonasjon, men kostnadane kring dette er det vanskeleg å seie noko sikkert om. Det er avsett midlar frå arven etter Ida Palne Strand og Tor Strand med 200 000 kroner til bruk på orgelet.

### **Kyrkjegardane**

Også kyrkjegardane og kyrkjegardsbygga treng eit løft. Gjerdet på Husabø kyrkjegard og kyrkjegardsbygningen treng å bli måla. I tillegg må det avklarast kva som gjer at lysa på kyrkjegarden på Husabø ikkje verkar, og få retta opp i denne feilen.

Det store bøketreet på kyrkjegarden treng trepleie/tynning. Det var mykje tørrkvist seinhaustes. Langs gjerdet på vestsida av kyrkjegarden på Husabø er det åtte lønnetre som avlar utruleg med lauv om haustane. Det er mogleg at landskapsarkitektane ikkje tenkte på at desse veks og vert omfangsrike. I haust rydda Kolbjørn Nord, Dagrún Kløvvik Nord og Målfrid Næss der, og køyrde bort to store, tiltrakka tilhengarlass med lauv. Vi må, i lag med Kyrkjekontoret, vurdere om vi evt. kan halvere talet på trea.

På grunn av store fukt- og muggproblem, har toaletta og bårerommet i bårehuset ved kyrkja vore stengde sidan 2016. Dette har vore eit problem over tid. Som ei mellombels løysing får me bruke kjølerommet på aldersheimen til å setje inn bårer. Det er eitt toalett i kyrkja, ved sida av sakristiet, som kan nyttast ved behov under arrangement i kyrkja. Me vonar at me saman med kommunen kan finne ei god løysing for framtida. Den årvisse dugnaden på kyrkjegarden var torsdag 26. april, med Knut Grinde som ansvarleg. Det møtte fram 12 personar. Arbeidet gjekk greitt og vart avslutta med ei kjekk kaffistund i kyrkja. Johannes Henjum bistår kyrkjakontoret med oppmåling og merking av både graver og minnestinar. Dette gjeld begge kyrkjegardane.

## ØKONOMI

### Leikanger kyrkjelyd, «innsamla midlar»

Ved ofringar kom det totalt inn 93 287 kroner, av dette 38 184 til eige kyrkjelydsarbeid.

Fasteaksjonen: kr 32 543 (lagt i innsamlingsbøssene, i tillegg kjem det som blei betalt inn sentralt av folk på Leikanger gjennom overføringer til konto, Vlpps- og SMS-betaling) Givarteneste: 7 800 kroner

Det vert elles vist til rekneskapen.

Leikanger 5. mars 2019

For Leikanger sokneråd:

Bjørg Anda,

Leiar

## FASTEAKSJONEN

# Hawo si hjelpende hand

**Etter at mamma og storebror døydde, har 12 år gamle Hawo teke over mykje av det daglege ansvaret for familien. – Aller helst vil eg bli sjukepleiar. Fordi eg ønsker å hjelpe andre.**

Smilet sit eit stykke inne, men det er likevel ein vaksen mildskap i blikket til Hawo. Ei blanding av sjenanse, og opplevelingar ingen unner eit barn. For få år sidan, ho hugsar det så godt, levde ho med mor og far, fem brør og ei syster. Eit enkelt, men godt liv som nomadar ute i det golde ørkenlandskapet i Puntland i Somalia. Det var før regnet sluttå å kome. Sesong etter sesong. Før geitene dei levde av byrja å døy, eitt dyr om gongen. Før dei sjølve vart utmagra. Før Hawo mista mamma og deretter storebror. Han var berre skinn og bein, og då han vart sjuk makta ikkje kroppen meir.

### Livreddande vatn

– Vi har ingenting. Men vi kom hit for at vi ikkje skulle døy, sier Hawo med lav stemme. Ho fortel at dei vaksne bestemte at storfamilien måtte kome seg til provinshovudstaden Garowe. Hit til flyktningleiren Jilab 3, der nye klimaflyktningar strøymer til kvar einaste dag. Frå 2010 til 2012 vart Somalia ramma av den mest alvorlege tørka på 60 år og hungersnauden tok livet av nærmare 260.000 menneske. Ifølgje FN er 2.6 millionar somaliarar i dag på flukt, hovudsakleg frå tørke, men òg frå konflikt. Dei har mista stort sett alt, men heldigvis sørger Kirkens Nødhjelp for reint vatn her i leirane. Det er helt avgjerande for å unngå vassbårne sjukdomar som kolera – og for at folk skal kunne overleve under dei særskrevjande tilhøva. Dei daglege turane til ein av

vasspostane er det Hawo som står for. I tillegg til at ho lagar mat, vaskar kle, passar småsøsken og held reint i og utanfor det enkle teltet. Etterpå gjer ho mykje av det same også for tanta som bur i ein annan flyktningleir 20 minutt gange unna.

### Avhengig av hjelpe for å hjelpe

For at Hawo og andre skal få reint vatn trengs det hjelpe frå mange norske frivillige. Folk som ikkje er på flukt, men som har engasjement, slik som Hawo, og eit ønske om å hjelpe menneske i ein særskrevjande situasjon. Kvart år er tusenvis av frivillige med på å samle inn pengar til Kirkens

Nødhjelp

sitt arbeid

gjennom

Fasteaksjonen.

Det er nettopp

dette pengane

som gjorde

det mogleg å

levere reint

og trygt vatn

i Somalia. For

Hawo og fleire

tusen andre

flyktningar

har dette vore

livsviktig hjelpe.



LIVGJEVANDE: – Reint vatn forandrar alt, og er heil avgjerande for å hindra sjukdom, seier Hawo, som hentar vatn ved ein av vasspostane i leiren.

# Ver med og set ditt preg på kyrkja di

## KYRKJEVALET 2019

Kyrkja bygger fellesskap der du bur. Kanskje skal du stilla til val? Du er invitert til å vera med på å skapa kyrkja i framtida.

I kyrkja skal det vera rom for alle som ønskjer det. Eit stort rom. Høgt til taket. Sterkt fundament. Nye impulsar. Gode tradisjonar. Ulike meininger. Ulike vegar til tru. Ver med å ta ansvar for fellesskapet og for kyrkja di. Det er kyrkjeval 9. september 2019. Medlemer av Den norske kyrkja som bur i soknet og som seinast i 2019 fyller 18 år kan veljast.

### Meir enn du trur

Kyrkja di har rom for ditt engasjement. I møta med folk i nabølaget kan du bety noko med haldningane dine og det du gjer. I Den norske kyrkja er det rom for mange meininger, og det er rom for ulike vegar til tru. I trusfelleskapen er det rom for den trua du har og kanskje meir enn du trur.

### Ta ansvar

Du trengst til ei av dei viktigaste oppgåvene i landet vårt: Å skapa sterke fellesskap i bygd og by. Ved kyrkjevalet skal det veljast 8000 frivillige til å leia arbeidet til kyrkja. Du kan vere med på noko stort: Sei ja, dersom du vert spurd om å stilla til val. Og gje røysta di på valdagen. Vi vil samarbeida for at fleire oppdagar det store og gode ved å gje av si tid til det som byggjer fellesskap.

### Soknerådet

Soknerådet leier verksemda til kyrkjelyden der du bur. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i kyrkja di. Arbeidet til soknerådet spenner over mange tema, m.a. barne- og ungdomsarbeid, miljø og rettferd, gudsteneste, musikk, misjon, og dessutan jus og økonomiforvalting.

### Bispedømerådet

I kvart bispedøme er det eit bispedømeråd, og tilset prestar og nokre av dei andre tilsette i kyrkja. Medlemene av bispedømerådet er også medlemer av Kyrkjemøtet, det øvste organet i Den norske kyrkja.

### Kandidatlister

Soknerådet har sett ned ein nominasjonskomité, som skal nominera kandidatar. Det er i tillegg høve for andre til å levera inn eigne kandidatlister innan 30. april 2019. Alle kandidatlister er sett opp i prioritert rekjkjefølgje. Til dei regionale bispedømmerådsvala vil det finnast lister fra ein nominasjonskomité. Denne komiteen som består av éin medlem frå kvart prosti i bispedømmet.

### Kva gjer soknerådet?

Her er nokre døme på soknerådet sitt ansvarsområde:

Trusopplæring for alle døypte mellom 0 og 18 år  
Diakonalt arbeid (omsorgstenesta til kyrkja)  
Gudstenester  
Kyrkjemusikk  
Langsiktig planlegging av arbeidet til kyrkjelyden  
Ofringar  
Utleige av kyrkja  
Uttalerett ved tilsettjingar av prest, prost og biskop  
Samarbeid med frivillige

### Ti gode grunnar til å vera med i soknerådet:

- 1 . Du bidreg til å halda lokalkyrkja levande
- 2 . Du vert del av eit kristent fellesskap
- 3 . Du gjer ein viktig jobb for fellesskapet
- 4 . Du kan sørge for eit trygt og godt fridstilbod for barn og unge
- 5 . Du får innblikk i og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja
- 6 . Du får eit nytt nettverk i lokalmiljøet ditt
- 7 . Du kan sørge for at kyrkja di er ein

open og inkluderande kyrkje

- 8 . Du pregar aktivitetstilbodet i nærmiljøet ditt
- 9 . Du får nyttig styrerøysle som du kan bruka i andre samanhengar
- 10 . Du kan oppdaga nye sider ved deg sjølv

Leikanger sokneråd har seks medlemer, i tillegg deltek presten fast på rådsmøta. Medlemene har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er også aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet. I tillegg deltek presten fast på rådsmøta. Soknerådet har møte 2-5 gonger i halvåret. Medlemene er valde for fire år. Ei undersøking blant soknerådsmedlemer viste at eit stort fleirtal trivst og opplever det som meiningsfylt å vera med i soknerådet. 85 prosent synest vervet er meir eller like tilfredsstillande som dei hadde venta.

Kyrkjevalet vert arrangert i eit lokale i nærleiken av der du stemmer ved kommune- og fylkestingvalet. Oversyn over stemmelokale og kandidatar du kan røysta på, finn du på [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no) når valet nærmar seg. Frå nettsida kan du få sommaren 2019 også lasta ned stemmesetlar.

### Valnemnd

Soknerådet i Leikanger har valt ei valnemnd, og fristen til å presentera lista er 30.april. Kyrkjelydsbladet vil presentera kandidatane i haustnummeret, som kjem ut i månadsskiftet august/september. Valnemnda er: Bjørn Sølsnes, Kari Kitty Grinde Stadheim og Kjell Sæter.

Ynskjer du å vere med i dette arbeidet, er du sjølvsagt også velkommen til å melde deg som kandidat til lista. Du tek då kontakt med di lokale sokneråd om dette.

Alle som er medlemer i Dnk og som er over 18 år (eller fyller 18 år innan utgangen av valåret), er valbare og aktuelle kandidatar til å stille til val.

Kjelde: [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no)

# Glede og sorg

## Døypte

- 11.11.2018 Are Ramung Husabø  
11.11.2018 Sigrid Iversen Krogstad  
11.11.2018 Kari Tufte Husabø  
13.01.2019 Viljar Tveit Moene  
03.03.2019 Milli Reksnes Randen  
16.03.2019 Eli Sofie Eggum  
16.03.2019 Nicolai Fykse

## Vigde

- 17.11.2018 Anita Instefjord og Kjell Magne Brekken

## Gravlagde


- 30.10.2018 Anna Konstanse Rishovd  
13.12.2018 Sigurd Ovrid  
08.01.2019 Sigvald Nåtedal  
11.01.2019 Astrid Henjum  
15.02.2019 Åsta Magni Hauge  
15.02.2019 Anna Eggum  
22.02.2019 Kirsten Ingrid Njøs  
22.02.2019 Helge Linde

## Storband og damekor byr på kyrkjejazz

Sogndal Storband og Leikanger Damekor vil framføre Duke Ellington sin Second Sacred Concert i Leikanger kyrkje laurdag 6. april.

Lena Skjerdal, Hallgeir Øgaard Westli og Kari Malmanger er med som songsolistar. Dette er 3. gang Songdal Storband framfører denne flotte kyrkjejazzkonserten. Førre gong dette verket vart framført i Leikanger kyrkje var i 2008. Tom Sølve Myklebust, som leier Sogndal Storband, og Lena Skjerdal, som leiar Leikanger Damekor, har jobba med stoffet kvar for seg og saman i eit halvt års tid, og ser fram til å framføre dette for ei forhåpentlegvis fullstappa kyrkje.

Second Sacred Concert er ein av i alt tre kyrkjeconsertar for storband og kor som Duke Ellington skreiv mellom 1965 og 1973. Verket vart ferdig i 1968 og vart første gong framført i Cathedral of St. John, New York same år med svenske Alice Babs som solist. Det består av i alt 10 satsar for ulike kombinasjonar av storband, kor, solist og komp. Tekstane er sterkt prega av borgarretttskampen som gjekk føre seg i USA på 1960-talet. Ellington måtte tolke kritikk for samanblandinga av religiøse tekstar og jazz, men sa sjølv at desse kyrkjeconsertane var "the most important thing I've done".



## Går frå kyrkja til Nav

Monica Ugulsvik (bilete) er tilsett ved Nav kontaktsesenter, med kontor på Hermansverk, frå 2. mai. Ugulsvik har i fem år vore har vore leiar for

trusopplæringa i Sogndal og Leikanger, og har fått eitt års permisjon frå stillinga si i kyrkjelydane.

Stillinga som 100 % vikariat som leiar for trusopplæring i Sogndal og Leikanger er lyst ledig i eitt år, frå 1.mai.

# God påske!

 LEIKANGER Fjord Hotel

Tlf: 57 65 60 20



Leikanger Auto

Telefon 576 53 100

post@leikangerauto.no  
www.leikangerauto.no

Støtt våre  
annonsørar-  
dei støttar  
oss!

**SOGNEFJORD**  
**HOTEL** 

Tlf: 57 65 11 00


**Sogn**   
gravferdshjelp

Telefon: 57 68 14 77 (heile døgnet)  
E-post post@sogngravferdshjelp.no

Kjell Grønli  
Hans Magne Kvåle  
Hege Urnes  
Ingar Husum



sparebanken  
sogn og fjordane  
Tlf: 57 82 97 00  
www.ssf.no



Sogn Kontorsenter

Leikanger - Årdal  
57 67 66 99  
[www.sognkontorsenter.no](http://www.sognkontorsenter.no)

**KIWI** mini  
pris  
TIPPING - RIKSTOTO  
08-22 (20)

**coop**  
**prix**

# OPPSLAGSTAVLA

## PÅSKESALMAR OG KAFFI

Skjærtorsdag (18.4) kl. 19, blir det «påskesalmar og kaffi» i kyrkja med salmesong, nattverd og kaffistund etter gudstenesta. Det er sokneprest Vegard Bondevik Lie som leiar gudstenesta. Kantor Hallgeir Øgaard Westli og frivillige musikarar står for musikken.

## TYSDAGSTREFF

I vår blir det tysdagstreff på følgjande datoar: 9. april, 23. mai, 7. mai, 21 mai og 4. juni.

Tysdagstreffa er på Kyrkjelydshuset og startar kl 11.30.

## FÅR DU IKKJE KYRKJELYDSBLADET?

Meld i frå dersom du ikkje mottek kyrkjelydsbladet, så blir det ordna med ettersending. Dei som bur utanfor bygda, kan abonnere og få tilsendt bladet.

Ta kontakt med Sindre Børsheim Ramung på 976 82 499 eller [sindre.ramung@gmail.com](mailto:sindre.ramung@gmail.com).

## HUGS BLADPENGANE

Tusen takk til alle dykk som støttar kyrkjelydsbladet med bladpengar og gåver, og som sponsar bladet gjennom annonsering! Pengane går til trykking og distribusjon. Resten av arbeidet med bladet blir gjort på dugnad.

Har du eller firmaet ditt lyst å annonsera i bladet, ta kontakt med Sindre Børsheim Ramung på 976 82 499 eller [sindre.ramung@gmail.com](mailto:sindre.ramung@gmail.com).

Kontoen til kyrkjelydsbladet er 3781.07.30316 viss nokon ønskjer å gi eit økonomisk bidrag.

## KYRKJESKYSSEN

Soknerådet tilbyr skyss til gudstenestene for dei som ønskjer det. Me hentar på døra og køyrer heimatt etter gudstenesta. Tilbodet er

## TAKKA FOR GOD INNSATS

Reidar Tjønn har i 12 år teke på frivillig oppdraget som rekneskapsansvarleg i Leikanger sokneråd.

Etter gudstenesta sundag 17. mars fekk Tjønn blomar og takk for den store innsatsen han gjennom så mange år for kyrkja i Leikanger frå leiaren i soknerådet, Bjørg Anda.

gratis. Om ein ønskjer å bruke tilbodet eller har spørsmål, er det berre å ringe Sindre Børsheim Ramung (976 82 499).

## ETTER SKULETID

Ungdoms- og studentprest Andreas Danbolt inviterer til «etter skuletid» på Kyrkjelydshuset 14. mai og 28. mai. Etter skuletid er ope for alle på ungdomstrinnet. Innhold på samlingane er lekser, leik og spel, kiosk med varm mat, andakt m.m.

## KONSERT

Sogndal storband og Systrand damekor held konsert i kyrkja laurdag 6. april. På programmet står «Second Sacred Concert» av Duke Ellington.

## BASAR

Det blir halde basar til inntekt for det nye kjøkkenet på kyrkjelydshuset fredag 5. april kl. 17.



## Velkommen til dåp!

Når eit barn blir bore til dåpen, vert vi minna om at ingen kan bera seg sjølv. Gjennom dåpen vert vi del av eit verdsvitt felleskap, og samstundes ein del av den lokale kyrkja. Vi vert bundne saman med truande til alle tider.

Dåpen er ei markering der barnet har alle sine viktigaste støttespelarar rundt seg, og der Gud lover å følge barnet alle dagar.

Les meir og meld inn dåp på [www.sogndal.kyrkja.no/Dåp](http://www.sogndal.kyrkja.no/Dåp)

DEN NORSKE KIRKJA  
Kyrkje i Sogndal og Leikanger

# KYRKJEKALENDAR

April-juni 2019

## April

### Søndag 7. april – 4. sundag i faste

Joh. 6, 24-36

kl. 17: Familiesøndag. Påskefest for alle.

Kl. 17: Middag i kyrkjelydshuset. Ca.

kl. 17:30 Kaffi for dei vaksne og øving i kyrkja med borna.

Ca kl. 18: Familiegudsteneste med m.a. utdeling av 6-årsbok og bønevandring med nattverd.

Sokneprest Vegard Bondevik Lie, kyrkjelydspedagog Monica Ugulsvik og organist Hallgeir Øgaard Westli. Offer til Frelesesarmeene.

### Torsdag 18.4 – skjærtorsdag

Joh. 13, 1-17

kl. 19: Påskesalmar og kaffi.

Kaffistund i kyrkja etterfølgd av enkel nattverdgudsteneste med mykje salmesong. Sokneprest Vegard Bondevik Lie, organist Hallgeir Øgaard Westli og frivillige musikarar. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### Fredag 19.4 – langfredag

Matt. 26,30 – 27,50

kl. 19: Pasjonsgudsteneste.

Sokneprest Vegard Bondevik Lie, organist Hallgeir Øgaard Westli. Offer til Sjømannskirken.

### Måndag 21.4 – påskedag

Joh. 20, 1-10

kl. 11: Høtidsgudsteneste. Sokneprest Vegard Bondevik Lie, organist Hallgeir Øgaard Westli. Offer til Det norske bibelselskap.

## Mai

### Søndag 5.5 – 3. søndag i påsketida

Mark. 6, 30-44

kl. 17: Familiesøndag.

Kl. 17: Middag i kyrkjelydshuset. Ca.

kl. 17:30 Kaffi for dei vaksne og øving i kyrkja med borna.

Ca kl. 18: Familiegudsteneste med m.a. bønevandring med nattverd.

Sokneprest Vegard Bondevik Lie, organist Hallgeir Øgaard Westli. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin.

### Fredag 17.5 – Noregs nasjonaldag

Luk. 17, 11-19

kl. 10.15: Festgudsteneste.

Prestevikar Bjørn Sandvik Sølsnes, organist Hallgeir Øgaard Westli.

Offer til Speidararbeidet i Leikanger. Speidarane deltek.

### Søndag 19.5 – 5. søndag i påsketida

1. Kong. 8,12-13. 27-30

kl. 11. Gudsteneste. Sokneprest

Vegard Bondevik Lie, organist Hallgeir Øgaard Westli. Offer til Leger utan grenser.

### Søndag 26.5 – 6. søndag i påsketida

Matt. 6, 7-13

kl. 19: Ung Messe/kveldsgudsteneste av og med konfirmantane. Sokneprest Vegard Bondevik Lie, organist Sverre Volle. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

## Juni

### Laurdag 8.6 – pinseafتا

kl. 11: Konfirmasjonsgudsteneste.

Ungdomsprest Andreas Danbolt og sokneprest Vegard Bondevik Lie, organist Hallgeir Øgaard Westli. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

### Søndag 9.6 – pinsedag

Joh. 14, 23-29

kl. 11 og 13:

Konfirmasjonsgudsteneste.

Sokneprest Vegard Bondevik Lie, organist Hallgeir Øgaard Westli. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

### Søndag 23.6 – 2. søndag i treeiningstida

Joh. 3, 1-13

kl. 11: Gudsteneste. Sokneprest

Vegard Bondevik Lie, organist Hallgeir Øgaard Westli. Offer til Sygna vidaregåande skule.

Med atterhald om endringar.

! Sjå oppdaterte gudstenestelister på <http://www.leikanger.kommune.no/kyrkjekalender.4850977-172067.html>